



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dykkar ref

Vår ref
15/307-

Dato
21.01.2015

Dispensasjon etter plan- og bygningsloven og behandling av avkjørselssaker etter veglova

Vi viser til brev av 14.07.2014 frå Meland kommune til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) der kommunen tek opp diverse spørsmål knytt til samarbeidet med Statens vegvesen Region vest. KMD sende saka over til Samferdselsdepartementet (SD) i brev av 30.09.2014, og vi la saka fram for Vegdirektoratet.

SD har merka seg at kommunen er nøgd med forsøksordninga for samordning av statlege motsegner. I nokre enkeltsaker synest kommunen at Statens vegvesen gjennom si handsaming grip inn i kommunen sitt ansvar for å styre arealbruken i kommunen, og framhevar saka om tomta i LNF-området i Fløksand som eit døme på dette.

Statens vegvesen handlar i denne saka på vegne av fylkeskommunen som vegeigar. Der det ikkje ligg føre vedtekne planar for utbyggingsområde som til dømes LNF-område, vurderer Statens vegvesen enkeltsaker knytt til riks- og fylkesveg i ein større samanheng. Dette ut frå omsynet til samordning av areal- og transportsystemutvikling, trafikktryggleik og verknadene eit vedtak vil kunne ha for liknande søknader i området og for langsiktig utvikling av transportsystemet.

Det er ikkje sjeldan det oppstår liknande saker som i Meland kommune som gjer det naudsaamt å handsame saka både etter plan- og bygningsloven og veglova. Til nærare orientering legg vi ved brev av 23.02.2006 frå dåverande Miljøverndepartementet til Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Oslo og Akershus. Siste avsnitt i brevet meiner vi skisserer ein tenleg handsamingsmåte som både søkjar og forvaltarane av begge lovene er tent med.

Når det gjeld tomta i LNF-området i Fløksand, meiner departementet saka kom skeivt ut i starten i og med at Statens vegvesen ikkje blei kopla inn.

Med helsing

Ola Brattegard (e.f.)
avdelingsdirektør

Brita Ottem
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar.

Vedlegg

Kopi til:
Kommunal- og moderniseringsdepartementet